



# Innst. S. nr. 67

(2003-2004)

## Innstilling til Stortinget frå kommunalkomiteen

Dokument nr. 8:115 (2002-2003)

### Innstilling frå kommunalkomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Vidar Andersen, Per Sandberg, Øyvind Korsberg og Torbjørn Andersen om tiltak for å bedre infrastrukturen innen drikkevannsforsyning og avløp

Til Stortinget

#### SAMANDRAG

I dokumentet fremmes følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om en samlet plan for fornyelse og oppgradering av vannforsynings- og avløpsnett, hvor de beskrevne og følgende virkemidler vurderes inntatt:

- Økonomiske incitamentter i form av direkte støttebevilgninger til kommunene.
- Statlige rådgivende retningslinjer for en minstandard på funksjonsdyktighet og teknisk tilstand på vannforsynings- og avløpsnett.
- Bidra til å styrke kompetanse og rekruttering til infrastruktursektoren for vann og avløp.
- Utredninger, utvikling og forskning for en bedre VA-infrastruktur.
- Dagens forskrifter for avgiftsberegning gjennomgås.
- Forskriftene suppleres med regler for budsjettering, regnskap, revisjon og kontroll."

Nødvendigheten av å forvalte disse systemene økologisk, økonomisk og funksjonelt er viktig for nåværende og kommende generasjoner.

Forslagsstillerne viser til at vann- og avløpsinfrastrukturen i Norge er blitt bygget ut i løpet av en periode på 100 år.

Dersom man fortsetter nåværende fornyelsestakt på VA-nettet vil det oppstå store problemer med å opprettholde vann- og avløpsinfrastrukturens funksjonsevne.

Den manglende fornyelsen medfører også en forringelse av drikkevannets kvalitet.

Fortsatt registreres vannbårne sykdomsutbrudd i Norge. Ifølge Vannverksregisteret har ca. 20 pst. av vannverkene i Norge ikke tilfredsstillende vannforsyning. For å sikre fortsatt tillit til norske næringsmiddelprodukter i andre land, er det dessuten påkrevd å kunne oppvise en vannkvalitet som bl.a. tilfredsstillende EU/ESAs krav mht. vannforsyningen til de bedriftene som eksporterer næringsmidler.

Forslagsstillerne viser til at lekkasjene i VA-nettet koster landet ca. 1 mrd. kroner hvert år til vanntransport og rensing.

Noen få større kommuner har startet opp prosjekter med fornyelse og rehabilitering av vann- og avløpsinfrastrukturen. Det vises imidlertid til at de fleste kommuner ligger på betydelig etterskudd i dette arbeidet.

#### MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sigvald Oppebøen Hansen, Reidar Sandal, Karl Eirik Schjøtt-Pedersen og Signe Øye, frå Høgre, Peter Skovholt Gitmark, Hans Kristian Hogsnes og Kari Lise Holmberg, frå Framstegspartiet, Torbjørn Andersen og Per Sandberg, frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen og Heikki Holmås, frå Kristeleg Folkeparti, Anita Apelthun Sæle og Ivar Østberg, og frå Senterpartiet, leiaren Magnhild Meltveit Kleppa, er samde med forslagsstillerane i at teknisk infrastruktur er svært viktig i moderne industrialiserte samfunn. Denne infrastrukturen omfattar blant anna transport, energisystem, vassforsyning, avlaupssystem, renovasjonssystem og informasjonsnettverk. Komiteen ser positivt på at

det vert sett fokus på behovet for å sikre kvaliteten i vass- og avlaupssektoren.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet, deler intensjonen til forslagsstillarane om at kommunesektoren treng ytterlegare incitament for å forbetra desse tenesteområda slik at innbyggjarane kan få billigare og betre tenester.

Komiteen viser til svarbrev frå kommunal- og regionalminister Erna Solberg av 29. september 2003 og 2. oktober 2003 der det vert understreka at for Regjeringa er offentlege tenester til innbyggjarane med tilfredsstillande kvalitet, og ei effektiv ressursutnytting i offentleg sektor, prioriterte område.

For komiteen er det viktig å understreka behovet for tilstrekkeleg teknisk kvalitet og ivaretaking av miljøkrav for å oppnå god velferd og hygiene i samfunnet og ei bærekraftig utvikling. Dette er også viktig for næringslivet og dermed også landets økonomi. Komiteen har merka seg at ifølgje Nasjonalt folkehelseinstitutt vert det levert om lag 768 millionar m<sup>3</sup> vatn pr. år frå registrerte norske vassverk. Komiteen har merka seg at innrapporterte data frå vassverka syner at det er store lekkasjar frå det norske vassleidningsnett. Talet på lekkasjar er samla sett svært høgt samanlikna med andre vestlege land. Det er mange usikre faktorar i rapporteringstala, men ved å ta utgangspunkt i ulike anslag på vassforbruk til industri og anna forbruk, og variere utvalskriteria for beregningsmetodane, ser det ut til at lekkasjane som eit estimert gjennomsnitt ligg på mellom 39 og 51 pst. Vassverka sjølv opererer med ein lekkasje på 35 pst. i gjennomsnitt. Til samanlikning er tala for Danmark 7 pst., England 16 pst., Finland 16 pst. og Sverige 14 pst. Komiteen synest det er bekymringsfullt at store mengder av det utlekka drikkevattnet lekk inn i avlaupsleidningane. Dette gir etter komiteen si meining dårleg økonomi-, miljø- og ressursdisponering.

Komiteen er oppteken av å sikra tillit til norske næringsmiddelprodukt i andre land, og at det i den samanhengen er viktig å kunne oppvisa ein vasskvalitet som bl.a. tilfredsstillar EUs/ESAs krav med omsyn til vassforsyninga til dei bedriftene som eksporterer næringsmiddel.

Komiteen vil påpeika at vassforsyning, transport og reinsing av avlaup i all hovudsak er eit kommunalt ansvar. Verksemda vert i stor grad utført av kommunane sjølv, med innslag av kommunale- og interkommunale selskap og nokre mindre einingar i privat regi. Komiteen vil understreka at uavhengig av driftsoperatør må verksemda drivast innanfor ramma av relevante lover og forskrifter. For vassforsyninga er drikkevassforskrifta sentral. Forskrifta har til føremål å sikra forsyning av drikkevatt i tilfredsstillande mengde og av tilfredsstillande kvalitet, herunder å sikra at drikkevattnet ikkje inneheld helseskadeleg forureining av noko slag og elles er helsemessig trygt. Når det gjeld anlegg for transport og handsaming av avlaupsvatn er

reglar for slike gitt i forureiningslova kapittel 4 og i forskrifter i medhald av lova vedkomande handsaming av særskilte partiklar i avlaupsvatnet.

Komiteen viser til at Program for vassforsyning i perioden 1995-2002 har hatt ei eiga tilskotsordning der vassverk har kunne søkja om tilskot til kvalitetsforbetrande tiltak. Komiteen har merka seg at dette programmet har utløynt omfattande utbetring av norske vassverk. Frå og med 2003 inngår tilskotsordninga i programmet i ei meir generell statleg tilskotsordning administrert av fylkeskommunane. For komiteen er det viktig at Program for vassforsyning held fram sjølv om tilskotsordninga er lagt om. Komiteen er tilfreds med at Folkehelseinstituttets arbeid med dette programmet vert oppretthalde som ei permanent ordning. Gjennom Folkehelseinstituttets arbeid vert vassverk motiverte til å gjennomføra kvalitetsforbetrande tiltak og vidare utbetring av leidningsnett.

Komiteen viser til at det på avlaupssektoren dei siste 25 til 30 åra er gjort store investeringar for å møte dei miljøutfordringane utslepp av avlaupsvatn medfører. Totalt vart det i perioden 1976-2001 gjennomført ei stor satsing på avlaupssektoren der det totalt vart investert rundt 45 mrd. 2002-kroner. Størstedelen av dagens investeringar i avlaupssektoren går til leidningsnett. I dag er om lag 80 pst. av Noregs befolkning tilknytta offentleg leidningsnett. Dei omtalte investeringane har gitt store miljøforbetringar.

Komiteen er kjent med at Noreg gjennom EØS-avtala er omfatta av EUs rådsdirektiv av 21. mai 1991 om reining av avlaupsvatn frå byområde. Direktivet gjeld oppsamling, reinsing og utslepp av avlaupsvatn frå tettbygde strok, samt reinsing og utslepp av spillvatn frå visse industrisektorar. Det vert sett krav både til reining og tidsfristar for utslepp til avlaupsvatn som går til ferskvatn, elvemunningar og kystfarvatn. Komiteen viser også til at Statens forureiningstilsyn i juli 2003 sendte ut på høyring forslag til ny forskrift om utslepp frå avlaupsanlegg, som stiller strengare krav til reinsing av kommunalt avlaupsvatn. Forskrifta omfatta avlaupsvatn frå kommunar, bustadar, hytter, campingplassar, bensinstasjonar, tannklinikkar, fotoverksemder m.m. Komiteen har merka seg at den nye forskrifta blant anna vil føra til at ei rekkje reinseanlegg må oppgraderast. Med bakgrunn i sjølvkostprisprinsippet vil dette kunne medføra auke i avgiftene for abonnentane som følgje av auka investeringar for kommunesektoren.

Komiteen tek ikkje no stilling til innhaldet i forslaget til forskrift.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til det arbeidet som pågår i forbindelse med implementering av EUs rammedirektiv for vann, og finner det nødvendig å påpeke at dette er krevende og at ressurser må sikres slik at SFT har den nødvendige kompetanse for å samordne og utføre forvaltingsoppgaver i forbindelse med at rammedirektivet for vann skal implementeres og etterleves i Norge. Disse medlemmer peker i denne sammenheng på de klare overlapp i kompetanse

og regelverk mellom EUs rammedirektiv for vann og SFTs ansvarsområde på avløp, ferskvannsforvaltning, vannforbruk og utslipp til jord, luft og vann. Det er viktig at dette arbeidet blir gjort så raskt som mulig.

Komiteen viser til at det eksisterer både nasjonale program og planar for betydelege investeringar innanfor vassforsyning og handtering av avlaupsvatn. Komiteen konstaterer at anlegga for distribusjon av vatn og avlaup er av varierende alder og kvalitet, men at det ikkje eksisterer nokon eintydig samanheng mellom desse storleikane.

Komiteen viser til at kommunal- og regionalministeren i sitt brev av 29. september 2003 understrekar at Regjeringa er oppteken av gode incentivordningar for offentlege verksemdar, også vass- og avlaupssektoren. Komiteen er kjent med at Kommunal- og regionaldepartementet har gitt SINTEF AS i oppdrag å utgreia eit nasjonalt informasjonssystem om og for offentlege vass- og avlaupsverk. Komiteen er nøgd med at eit slikt informasjonssystem ikkje berre skal omhandla pris, men også tenestekvalitet og leveringsstryggleik for norske vass- og avlaupsverk. Låg utskiftingstakt på leidningsnett kan føra til at eit kommunalt verk framstår med låg tenestekvalitet og leveringstryggleik relativt sett. Komiteen meiner at gjennom å samanlikna vass- og avlaupsverka kan det setjast fokus på naudsynte reinvesteringar for det einskilde verket. Eit slikt informasjonssystem kan også gi informasjon om tilstand på infrastrukturen ut over den informasjonen som føreligg gjennom vassverksregisteret og den avlaupsstatistikken som vert innsamla gjennom SSB.

Komiteen er kjent med at årsgebyret for avlaups-tenester i gjennomsnitt er 3 010 kroner pr. abonnent. Saman med tilknytingsgebyret dekkar dette alle kostnadane i sektoren, som er om lag 4,4 mrd. kroner pr. år.

Medlemene i komiteen frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti finn det formålstenleg at Kommunal- og regionaldepartementet også har bedt SINTEF vurdere om dagens finansieringssystem basert på sjølvkost innanfor VA-området, bør erstattast av eit system med inntektsrammer etter mønster av den innteksregulering ein har innanfor monopoldelen av elektrisitetsforsyninga. Desse medlemene er difor nøgd med at Regjeringa har sett i verk ei utgreiing knytt til nytt informasjonssystem og eventuelt nytt regime for finansiering av vass- og avlaupssektoren.

Komiteen har merka seg at fleire større kommunar har starta opp prosjekt med fornying og rehabilitering av vass- og avlaupsinfrastrukturen, men at mange kommunar også er på etterskot i dette arbeidet.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet, stiller likevel spørsmål med om ein

samla nasjonal plan for fornying og oppgradering av vassforsynings- og avlaupsnett vil vera eit eigna verkemiddel for å forsera arbeidet i VA-sektoren.

For komiteen er det viktig å halda fast på målsetjinga om å styrka lokaldemokratiet og auka den lokale handlefridomen, blant anna gjennom å redusera og forenkla lover og reglar.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet, meiner at ein nasjonal plan for VA-sektoren kan oppfattast som svekking av lokaldemokratiet gjennom nye statlege styringsverktøy, og vil såleis stå i motsetnad til ein slik politikk.

Komiteen har tru på at kommunane gjennom god forvaltning med basis i forskrifter og planar, vil kunne leggja til rette for gode tenester for innbyggjarane også innafør vass- og avlaupssektoren.

Komiteen vurderer det slik at ein stor del av ressursforbruket i VA-sektoren i dag er kanalisert til reparasjon av akutte lekkasjar i leidningsnett. Ei slik ressursutnytting fungerer nærast som ei "brannslukking" og er kostnadsdrivande på lang sikt. Komiteen meiner difor det er behov for ein auka innsats når det gjeld førebygging og utbetring av vass- og avlaupsnett for å unngå at akutte leidningsbrot oppstår, men at dette må vurderast av den einskilde kommunen.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristeleg Folkeparti, er samde med forslagsstillarane i at kommunane kan ha behov for økonomiske incitament for å satsa på vidare utbygging av vass- og avlaupssektoren. Fleirtalet vil i den samanhengen visa til at både Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har sett kommunale gebyr på dagsorden. Brukarbetaling innanfor vatn og avlaup skal maksimalt dekkja kommunane sine totale kostnader til produksjon av tenestene. Fleirtalet har merka seg at Regjeringa ønskjer å leggja til rette for ein mest mogeleg kostnadseffektiv kommuneforvaltning. På denne bakgrunnen gav Kommunal- og regionaldepartementet i januar 2003 ut nye og oppklarande retningslinjer for korleis kommunane sin sjølvkost skal reknast.

Fleirtalet er nøgd med at Kommunal- og regionaldepartementet har sett i gong eit arbeid for å finna fram til den beste modellen for å skapa effektivitet i sektoren.

Medlemene i komiteen frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti vil òg ta til orde for at dagens forskrifter for avgiftsberrekning må gjennomgåast. I dag er desse tenestene kommunale monopol der monopolbedrifta sine kostnader fullt ut vert dekkja av kundane. Eit slikt system gir etter desse medlemene si oppfatning ingen mot-

ivasjon for effektiv drift, og det kan stillast spørsmål ved om slike rammevilkår gir garanti for forbrukarane om gode tenester til riktig pris.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet vil holde fast ved prinsippet om at vann- og avløpssektoren skal være selvfinansierende.

Disse medlemmer vil påpeke de store behovene det er for staten til å gå inn med økonomiske tilskudd til opprustning av skoler, universell utforming av bygninger, uteområder og tjenester slik at det sikres samfunnsmessig likestilling for funksjonshemmede og stort behov i statlig medfinansiering på boligsektoren, må ha prioritet.

Disse medlemmer vil påpeke at alternative miljøvennlige og biologiske løsninger i VA-sektoren kan innfri økte krav til kvalitet og være kostnadsbesparende i forhold til tradisjonelle løsninger og at økte krav derigjennom kan innfris uten kostnader for staten eller økte gebyrer for befolkningen.

Komiteen meiner at vass- og avlaupsinfrastruktur er eit tenesteområde som eignar seg svært godt til å finna si løysing gjennom interkommunalt samarbeid eller regionalt samarbeid.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet, er samd med intensjonen i Dokument nr. 8:115 (2002-2003) der føremålet er kvalitetsheving innan VA-infrastrukturen og fremmar følgjande forslag:

"Stortinget ber Regjeringa vurdere behovet for å betre kommunane sitt incentiv til å forvalte vass- og avlaupsanlegg ut i frå omsynet til tilstrekkeleg vass- og tenestekvalitet, høg leveringstryggleik på tenestene og samfunnsøkonomisk riktig pris på dei. Stortinget ber Regjeringa omtala dette i kommuneproposisjonen for 2005."

Komiteen føreset at Regjeringa også vurderar alternative miljøvenlege og biologiske løysingar innanfor VA-sektoren.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til naturbaserte/biologisk baserte rensemetoder for avløp og at disse rensemetodene har flere fortrinn: De er basert på en kretsløpstankegang der næringsstoffer beholdes lokalt og behandles miljømessig riktig. Det kan gi varige arbeidsplasser/attåttnæring i form av at innsamling/tømming av tank gjøres av bønder lokalt og kan være mer lønnsomt enn å bygge opp ekstremt dyr rørinfrastruktur, særlig i grisgrendte strøk. Det er også mer fleksibelt i forhold til hvor en kan bygge ut, husene må uansett ha vann i rør, men i og med at det er annet trykk i disse rørene er de "lettere" å plassere. Det er fortsatt få på plass i Norge.

Disse medlemmer ber Regjeringen fremme forslag om tiltak som kan gjøre at arbeidet med slike anlegg kan forseres. Dette kan gjøres ved delfinansiering av informasjonstiltak til brukere, til kurs i kommunene om denne nye teknologien, eventuelt tilskudd til de som bygger ut slike anlegg for å kompensere for ekstrakostnader knyttet til utprøving av teknologien og generelt høyere kostnader knyttet til det å være tidlig ute med nye teknikker.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, vil vise til program for vassforsyning som var eit sentralt tiltak for å ruste opp infrastrukturen på VA-området. Denne ordninga fjerna regjeringa Bondevik II i sitt framlegg til statsbudsjett for 2002. Dette skjedde trass i at regjeringa Bondevik I i statsbudsjettet for 2000 uttalte:

"På grunn av at behovet for utbedringer ikke vil være dekket ved utgangen av 1999, går Regjeringen inn for å forlenge programmet med ytterligere fem år i tråd med det som ble signalisert ved programmets start."

Fleirtalet vil peike på at om dette hadde vore oppfylt skulle det vore løyvingar til vassforsyningsprogrammet fram til år 2005. Då Regjeringa kutta løyvingane på denne posten, låg det søknader til utbyggingsprosjekt for fleire hundre millionar kroner.

Fleirtalet er sterkt kritisk til at slike ordningar er blitt kutta, og at det vidare ansvaret er overført til fylkeskommunane, utan at tilstrekkeleg med midlar fylgjer med.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser til at brevene fra Kommunal- og regionaldepartementet til komiteen bekrefter at det er satt i verk en rekke tiltak for å forbedre kvaliteten i vann- og avløpssystemet.

Disse medlemmer har merket seg at fagstatsråden i brevet av 29. september 2003 til komiteen uttaler:

"Jeg er i sterk tvil om behovet for noen nasjonal plan utover de programmer, planer og utredninger som nevnt over".

Disse medlemmer mener at staten ikke bør stille i utsikt ytterligere krav eller forventninger overfor kommunesektoren på dette området, uten at kommunene settes i ressursmessig stand til å innfri slike krav og forventninger.

Disse medlemmer forutsetter at eventuelle tiltak overfor kommunesektoren må utredes grundig og drøftes med kommunesektoren selv, gjennom KS, før det blir aktuelt å iverksette dem.

Disse medlemmer ber Regjeringen løpende vurdere behovet for ytterligere tiltak i vann- og avløpssektoren for å sikre god folkehelse, tillit til kvaliteten på norske næringsmiddelprodukter og god forvaltning av de store ressurser som er investert i vann- og avløpssektoren.

Disse medlemmer forutsetter at Regjeringen herunder vurderer de momenter som framkommer i dette private forslaget.

Disse medlemmer ber Regjeringen gi en redegjørelse for situasjonen i vann- og avløpssektoren i kommuneproposisjonen for 2005.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen gi en redegjørelse for utfordringer og tiltak i vann- og avløpssektoren i kommuneproposisjonen for 2005."

#### **UTTALE FRÅ ENERGI- OG MILJØKOMITEEN**

Utkast til innstilling frå kommunalkomiteen er sendt til energi- og miljøkomiteen til uttale, i samsvar med vedtak i Stortinget 10. juni 2003.

Energi- og miljøkomiteen uttaler i brev av 28. november 2003:

"I henhold til Stortingets vedtak er utkast til innstilling av 25. november 2003 forelagt for energi- og miljøkomiteen til uttalelse før innstillingen avgis.

Energi- og miljøkomiteen viser til de respektive partienes merknader i kommunalkomiteens utkast til innstilling - og har ingen ytterligere merknader."

#### **FORSLAG FRÅ MINDRETAL**

##### **Forslag fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet:**

Stortinget ber Regjeringen gi en redegjørelse for utfordringer og tiltak i vann- og avløpssektoren i Kommuneproposisjonen for 2005.

#### **TILRÅDING FRÅ KOMITEEN**

Komiteen har elles ingen merknader, viser til dokumentet og rår Stortinget til å gjere følgende

vedtak:

Stortinget ber Regjeringa vurderer behovet for å betre kommunane sitt incentiv til å forvalte vass- og avlaupsanlegg ut i frå omsynet til tilstrekkeleg vass- og tenestekvalitet, høg leveringstryggleik på tenestene og samfunnsøkonomisk riktig pris på dei. Stortinget ber Regjeringa omtala dette i kommuneproposisjonen for 2005.

Oslo, i kommunalkomiteen, den 2. desember 2003

**Magnhild Meltveit Kleppa**  
leiar

**Anita Apelthun Sæle**  
ordførar

## Vedlegg 1

### **Brev frå kommunal- og regionalminister Erna Solberg til Stortingets presidentskap, datert 29. september 2003**

#### **Dokument nr. 8:115 - Til behandling i kommunalkomiteen, KRDs vurdering**

Dok nr 8:115, Forslag fra stortingsrepresentantene Vidar Andersen, Per Sandberg, Øyvind Korsberg og Torbjørn Andersen:

"Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om en samlet plan for fornyelse og oppgradering av vannforsynings- og avløpsnett, hvor de beskrevne og følgende virkemidler vurderes inntatt:

1. Økonomiske incitamenter i form av direkte støttebevilgninger til kommunene.
2. Statlige rådgivende retningslinjer for en minstandard på funksjonsdyktighet og teknisk tilstand på vannforsynings- og avløpsnett.
3. Bidra til å styrke kompetanse og rekruttering til infrastruktursektoren for vann og avløp.
4. Utredninger, utvikling og forskning for en bedre VA-infrastruktur.
5. Dagens forskrifter for avgiftsberegning gjennomgås.
6. Forskriftene suppleres med regler for budsjettering, regnskap, revisjon og kontroll."

#### **Min vurdering**

For Regjeringen er offentlige tjenester til innbyggerne med tilfredsstillende kvalitet, og en effektiv ressursutnyttelse i offentlig sektor prioriterte områder. Vann- og avløpssystemene, fra kilde til resipient, og tilstanden på infrastrukturen er kritiske faktorer for et velferdssamfunn som det norske. At tilstanden kjenne- tegnes ved tidsmessighet, tilstrekkelig teknisk kvalitet og ivaretagelse av miljøkrav, bidrar til god velferd og hygiene i samfunnet og til en bærekraftig utvikling. Nevnte faktorer er og viktige for næringslivet og dermed landets økonomi.

#### **Regelverk**

Vannforsyning og transport og rensing av avløpsvann, er i dag i hovedsak et kommunalt ansvar. Virksomheten utføres i stor grad av kommunene selv, men det er også noe innslag av kommunale og interkommunale selskaper. I tillegg drives enkelte mindre enheter i privat regi. Virksomhetene, enten de er kommunale eller kommunale/private selskaper må drives innenfor rammen av de relevante lover og forskrifter. For vannforsyning er drikkevannsforskriften (Forskriften av 4. desember 2001 nr. 1372) sentral. Forskriften har til formål å sikre forsyning av drikkevann i tilfredsstillende mengde og av tilfredsstillende kvalitet, herunder å sikre at drikkevannet ikke inneholder helseskadelig forurensning av noe slag og for øvrig er helsemessig betryggende. Forskriften omfatter ethvert vannforsyningssystem og internt fordelingsnett som skal levere drikkevann, og ethvert forhold som kan medføre forurensning av råvann og drikkevann i vannforsyningssystem eller internt fordelingsnett.

Når det gjelder anlegg for transport og behandling av avløpsvann er regler for slike gitt i forurensningsloven (Lov av 13. mars 1981 nr. 6) kapittel 4 og i forskrifter i medhold av loven vedrørende behandling av særskilte partikler i avløpsvannet.

#### **Nærmere om vannforsyning og rensning av avløpsvann**

Forslagsstillerne ber Regjeringen fremme forslag om en samlet plan for fornyelse og oppgradering av nettet. Jeg vil i den forbindelse få minne om følgende:

Program for vannforsyning har i perioden 1995-2002 hatt en egen tilskuddsordning hvor vannverk har kunnet søke om tilskudd til kvalitetsforbedrende tiltak. Programmet har utløst den mest omfattende utbedring av norske vannverk noensinne. Forbedringen har i større grad skjedd ved de store vannverkene enn ved de små. Fra og med 2003 inngår tilskuddsordningen i programmet i en mer generell statlig tilskuddsordning administrert av fylkeskommunene. Programmet har medvirket til at vannverk som til sammen forsyner mer enn en halv million personer, har fått vann som er hygienisk sikret gjennom desinfeksjon av vannet.

Selv om tilskuddsordningen nå er lagt om, vil arbeidet med Program for vannforsyning fortsette. Helsedepartementet har bestemt at Folkehelseinstituttets arbeid med Program for vannforsyning skal opprettholdes som en permanent ordning. Dette innebærer at Folkehelseinstituttet skal fortsette det arbeid som er gjort for å motivere vannverk til å gjennomføre kvalitetsforbedrende tiltak. I de kommende år vil vi sette fokus på tiltak som vannverk må gjennomføre for å utbedre ledningsnett.

Gjennom EØS-avtalen er Norge omfattet av EUs rådsdirektiv av 21. mai 1991 om rensing av avløpsvann fra byområder (avløpsdirektivet). Direktivet gjelder oppsamling, rensing og utslipp av avløpsvann fra tettbebyggelse, samt rensing og utslipp av spillvann fra visse industrisektorer. Det settes både spesifikke renskrav og tidsfrister for utslipp til avløpsvann som går til ferskvannsføremster, elvemunninger og kystfarvann.

Statens forurensningstilsyn (SFT) sendte juli 2003 forslag til ny forskrift om utslipp fra avløpsanlegg stiller strengere krav til rensing av kommunalt avløpsvann på høring.

SFTs forslag til forskrift omfatter avløpsvann fra:

- kommuner
- bolig, hytter, campingplasser o.l.
- bensinstasjoner, tan klinikk, fotovirksomhet m.m.

Etter planen skal forskriften tre i kraft 1. juli 2004. Forskriften stiller i en del tilfeller strengere krav til rensing av kommunalt avløpsvann enn dagens praksis.

Bakgrunnen for de nye kravene skyldes gjenværende tiltak for å etterkomme krav i EUs avløpsdirektiv. I forskriften åpnes det for å gi unntak fra direktivets normalkrav til fjerning av organisk materiale.

Forskriften vil likevel føre til at en rekke renseanlegg på Vestlandet og nordover må oppgraderes. Kravene vil kunne medføre 1-1,5 milliarder kroner i økte investeringer for kommunene i dette området fram mot utgangen av 2006. Det kan føre til at hver enkelt abonnent må betale opptil 400-900 kroner mer i året.

### ***Vurdering av behov for tiltak***

Som det framgår av ovennevnte eksisterer dermed både nasjonale program og planer for betydelige investeringer innenfor vannforsyning og håndtering av avløpsvann. Behov for ytterligere tiltak må bero på en grundigere vurdering av behov. Anleggene for distribusjon av vann (herunder drikkevann) og avløpsvann er av varierende alder og kvalitet. Det eksisterer imidlertid ikke noen entydig sammenheng mellom anleggets alder og kvalitet.

Regjeringen er opptatt av gode insentivordninger for offentlige virksomheter, også vann- og avløpsverk. I den forbindelse har Kommunal- og regionaldeparte-

mentet gitt SINTEF AS i oppdrag å utrede et nasjonalt informasjonssystem om og for offentlige vann- og avløpsverk. Et slikt informasjonssystem må kunne gi sammenlignbar informasjon ikke bare som pris, men også tjenestekvalitet og leveringssikkerhet for norske vann- og avløpsverk. Lav utskiftingstakt på ledningsnettene kan føre til at et kommunalt verk framstår med lav tjenestekvalitet og leveringssikkerhet relativt sett.

Gjennom muligheter for sammenligninger med andre verk kan det dermed settes fokus på nødvendige reinvesteringer for det enkelte verk. Et slikt informasjonssystem kan også gi informasjon om tilstand på infrastrukturen ut over den informasjon som foreligger gjennom vannverksregisteret og den avløpsstatistikk som samles inn av Statistisk sentralbyrå.

Kommunal- og regionaldepartementet har i tillegg bedt SINTEF vurdere om dagens finansieringssystem basert på selvkost innenfor VA-området, bør erstattes av et system med inntektsrammer etter mønster av den inntektsregulering en har innenfor monopoldelen av elektrisitetsforsyningen.

Jeg er sterkt i tvil om behovet for noen nasjonal plan ut over de program, planer og utredninger som nevnt over.

## **Vedlegg 2**

### **Brev fra kommunal- og regionalminister Erna Solberg til Stortingets presidentskap, datert 2. oktober 2003**

#### **Dokument nr. 8:115, Til behandling i kommunalkomiteen, TILLEGGSMERKNAD**

Jeg viser til mine merknader til fire dokument 8-for-slag oversendt Dem i brev av 29. september 2003.

#### ***Ad forslag 8:115:***

Kommunal- og regionaldepartementet har i ettertid fått oversendt tilleggsopplysninger fra Miljøverndepartementet. Jeg oversender MDs innspill som utfyllende opplysninger til mitt svar:

#### **Utfyllende tekst 2. avsnitt s. 3 punktet "Nærmere om vannforsyning og rensing av avløpsvann"**

På avløpssektoren har det de siste 25 til 30 årene vært foretatt store investeringer for å møte de miljøutfordringene utslipp av avløpsvann medfører. Totalt ble det i perioden 1976-2001 gjennomført en stor statlig satsning på avløpssektoren. Totalt ble det investert rundt 45 milliarder 2002-kroner på avløpssektoren. Staten bidro sterkt til denne storstilte satsningen, og om lag 6,5 milliarder av de totale investeringene ble dekket gjennom statstilskudd til kommunale avløpsanlegg. I dag er om-

lag 80 prosent av Norges befolkning tilknyttet offentlig ledningsnett og det viser seg at størstedelen av dagens investeringer i avløpssektoren går til ledningsnettene. De omtalte investeringene har gitt store miljøforbedringer og tilskuddsposten er nå nedlagt. I tråd med prinsippet om at forurenser skal betale, jf. også forurensningsloven § 2, legges det nå til grunn at nye investeringer i avløpssektoren dekkes inn gjennom avløpsgebyrene.

#### **Utfyllende tekst innledningsvis under punktet "Vurdering av behov for tiltak" s. 3**

Anleggene for distribusjon av vann (herunder drikkevann) og avløpsvann er av varierende alder og kvalitet. Offentlig avløpssektor i Norge i dag leverer tjenester til ca. 3,6 millioner innbyggere. Norske avløpsanlegg har en beregnet gjenanskaffelseskostnad på rundt 205 milliarder kroner, hvorav ledningsnettene har en gjenanskaffelseskostnad på 157 milliarder kroner. Årsgebyret for avløpstjenester er i gjennomsnitt 3010 kroner pr. abonnent. Sammen med tilknytningsgebyret dekker dette alle kostnadene i sektoren, som er om lag 4,4 milliarder kroner pr. år.

